




Nokre av stolpane til oppgraderingsarbeidet med 66 kW linja ligg lagra ved Vonheim.

Førebuingsarbeidet til eit omfattande arbeid med å fornya 66 kW linja frå Opstveit i Matre og ned heile Uskedalen er starta. Alt skal skiftast. Linja vil med dette arbeidet få nye stolpar, nye traversar og isolatorar. All tråd skal bytast ut. Nye stolpar ligg klar. Ei brakke til montørane vert plassert ved Fjellandsbøvatnet.

Prosjektleder og kontaktperson Thomas Nesse i Haugaland Kraft fortel til Uskedalen.no at arbeidet må reknast som stort og omfattande. Det vert arbeid i traseen i heile haust og vinter. Mykje av arbeidet vert gjort med helikopter og linja vil vera spenningsførande i heile perioden.



Alt skal skiftast på linja, stolpar, traversar, isolatorar og ny tråd.

66 kW frå Matre til Sekundærstasjonen i Uskedalen var lenge SKL sitt hovudnett i leveringa av straum mot vest. I Herøysundet kryssa linja Hardangerfjorden i sjøkabel til Ånuglo og vidare i luftlinje til Langeland på Tysnes. Her delte linja seg i tre med ein trase over Langenuen mot Stord. Denne delen av linja er utfasa. 66 kw ned dalen til Sekundæren i Uskedalen er i dag generell forsyning for Kvinnherad Energi.

Dersom nokon har spørsmål til oppgraderingsarbeidet, ta kontakt med prosjektleiar Thomas Nesse i Haugaland Kraft.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



66 kW linja frå Matre til Uskedalen frå 1952 var lenge SKL sitt hovudnett mot vest med sjøkabel over Hardangerfjorden frå Herøya til Anuglo.